



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Terje Øvrebø – 57 72 32 51
E-post
tov@fmsf.no

Vår dato
20.10.2008
Dykkar dato
15.09.2008

Vår referanse
2008/4004 - 422.0
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdepartementet	
Saksnr.:	2008/01349 - 15
Mottatt:	22 OKT 2008
Saksbøen.:	ASR/SEB/MSK 40
Kopi:	

Høring - forslag om innføring av hjemmel som gir fylkesmannen adgang til å pålegge kommunene rapporteringsplikt i saker etter jordloven og konsesjonsloven


I møte 16.10.2008 gjorde Fylkeslandbruksstyret slik vedtak med 5 mot 2 røyster i sak nr. 08/4004:

"Fylkeslandbruksstyret er i all hovudsak samd med landbruksdirektøren si utgreiing, og sluttar seg til framlegget om å innføre heimel som gjev fylkesmannen høve til å pålegge kommunane rapporteringsplikt i saker etter jordlova og konsesjonslova."

Vedlagt fylgjer kopi av møteboka så langt den vedkjem ovannemnde sak.

Med helsing


Christian Rekkedal
landbruksdirektør


Terje Øvrebø
rådgjevar

Vedlegg: Utskrift av møteboka til fylkeslandbruksstyret

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 1

Saksnummer: 14-00-08-10003 DIV	Kommune:
Møtedato: 16.10.2008	Sakshandsamar: T. Øvrebø

SAK:

HØYRING:

FRAMLEGG OM Å INNFØRE HEIMEL FOR
FYLKESMANNEN TIL Å PÅLEGGE KOMMUNANE
Å OVERSENDE ALLE SINE AVGJERDER INNAN
EIN ELLER FLEIRE SAKSTYPAR ETTER
JORDLOVA OG KONSESJONSLOVA

LANDBRUKSDIREKTØREN SI SAKSUTGREIING:

I følgje ei pressemelding dagsett 15.09.08 frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) er det fleire kommunar som behandlar saker etter jordlova og konsesjonslova i strid med regelverk og nasjonale retningslinjer, noko som inneber at omsynet til jordvern og ei forsvarleg prisutvikling på landbrukseigedomar står i fare i følgje departementet.

Manglande oppfølging av regelverk og retningslinjer inneber også at utfallet av sakene i for stor grad varierer frå kommune til kommune. Dermed kan behandlinga komme i strid med viktige rettstryggleiksomsyn, som omsynet til likebehandling og "forutberegnelighet". I følgje pressemeldinga hastar det med å få snudd denne utviklinga.

LMD meiner difor at det er nødvendig å innføre ein heimel som gjev fylkesmannen rett til å pålegge kommunane fortløpande rapporteringsplikt i ein eller fleire sakstypar etter jordlova og konsesjonslova. På den måten vil fylkesmannen ha høve til å følgje med på – og eventuelt få korrigert - praksis som ligg utanfor regelverk og nasjonale retningslinjer.

Rapportering vil også gi breiare kunnskap om praksis, som igjen kan gje grunnlag for betre og meir målretta informasjon overfor dei kommunane som treng det. Heimelen er føresett brukt i dei tilfelle fylkesmannen ser at det er trong for å følgje nærare med på utviklinga, og rapporteringspålegget skal opphøre når det ikkje lenger trengst.

Med dette som bakgrunn har LMD utarbeidd eit notat som er sendt på høyring til m.a. fylkeslandbruksstyra, fylkesmennene og kommunane. Notatet og høyringsbrevet ligg ved møteboka her.

I notatet vert bakgrunnen for forslaget gjennomgått i detalj. Så vel dei faktiske som dei rettslege sidene vert drøfta, både kva gjeld den uheldige praksisen som ein har observert, og dei meir avgrensa verkemidla ein i dag rår over for eventuelt å rette opp ei uheldig utvikling. I notatet vert det konkludert med at ein klår lovheimel for å pålegge rapportering vil vere det mest tenlege og målretta slik stoda er i dag.

MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 2

Saksnummer: 14-00-08-10003 DIV	Kommune:
Møtedato: 16.10.2008	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Vi kan i hovudsak slutte oss til departementet sine analyser og vurderingar, både av faktum og rettstilstand, og vi ser difor ikkje nokon grunn til å kommentere dei einskilde punkta i notatet. I høve vår fylke vil vi likevel, på generelt grunnlag, få nemne at vår tru og oppfatning har vore at dei fleste kommunane lojalt har følgd opp intensjonane bak dei aktuelle reglane. Det har likevel hendt at vi er blitt merksame på einskilde avgjerder som kan ha vore i strid med desse intensjonane. Vi ser det difor som nyttig og rasjonelt – også i Sogn og Fjordane – at der vert innført ein kontrollheimel som kan brukast dersom ein kjem i stuss om praktiseringa av sentrale reglar og målsetjingar. Vi vil understreke at ein kan be om rapportering frå så vel einskildkommunar som frå samtlege, og at pålegget, som nemnt ovanfor, skal opphøre når det ikkje lenger er trong for det.

Elles kan nemnast at vi tidlegare har oppmoda kommunane her i fylket om å sende oss kopiar av vedtaka sine – på frivillig basis. Vi har forklart at dette sjølvsgt ikkje har vore noko plikt, men at vi ville vere takksame for å få tilsendt vedtakskopiar, då det gjev oss eit visst inntrykk av kva som skjer i kommunane, og korleis dette skjer. Nokre kommunar har følgd oppmodinga vår, andre ikkje.

Til spørsmåla departementet drøftar under punkt 6, om administrative og økonomiske konsekvensar av lovendringa, vil vi meine at rapporteringa i stor grad bør kunne skje elektronisk, t.d. ved at fylkesmannen vert oppført som kopimottakar pr. e-post, eller på annan liknande måte. Kart kan eventuelt etterspørjast i dei tilfelle der fylkesmannen, med bakgrunn i utgreiing og vedtak, finn å måtte undersøkje saka nærare. Kostnadene for kommunane kan neppe bli særleg stor, sjølv ikkje i dei tilfelle der papirkopiar må oversendast. For fylkesmannen/fylkeslandbruksstyret vil gjennomgangen av dei fleste sakene ta lite tid, og vere lite ressurskrevjande. Skulle det dukke opp saker som bør omgjerast vil desse sjølvsgt krevje ein del arbeid og innsats. Rådgiving og rettleiing m.m. andsynes dei kommunane der praktiseringa bør endrast vil også kunne vere ressurskrevjande, men det er då visseleg ein del av fylkesmannen sine oppgåver, og innsatsen må såleis vere rettkomen.

Vi gjev difor vår tilslutning til LMD sitt framlegget om å innføre rapporteringsheimel.

I SAMSVAR MED FULLMAKT FRÅ FYLKESMANNEN GJEV
LANDBRUKSDIREKTØREN SLIK INNSTILLING:

Fylkeslandbruksstyret er i all hovudsak samd med landbruksdirektøren si utgreiing, og sluttar seg til framlegget om å innføre heimel som gjev fylkesmannen høve til å pålegge kommunane rapporteringsplikt i saker etter jordlova og konsesjonslova.

* * *

HANDSAMING I STYREMØTE:

Arve Mjømen (H) meinte at forslaget til lovendring i skjerpande retning er unødvendig.

MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 3

Saksnummer: 14-00-08-10003 DIV	Kommune:
Møtedato: 16.10.2008	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Kontrollmulegheitene er ivaretekne gjennom adgang til ankemulegheiter og innsyn elles etter behov, for Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Britt Dalsbotten (Frp) sa seg samd med Mjømen.

AVRØYSTING:

Landbruksdirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 mot 2 røyster.